

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

15.04.2010

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag 20.04.2010 kl. 14.00 på
Blåsalen**

SAKLISTE:

- Sak 09/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 9. mars 2010.
- ” 10/10 - Rapporten frå Agenda
- ” 11/10 - Rekningar på avløpsgebyr

Eventuelt.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 09.03.2009, kl.15.00
Møtestad: Blåsalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse var til stades:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth = 3 voterande

Frå kontrollutvalset sekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne .

Frå Sykkylven kommune møte ordførar Jan Kåre Aurdal i sakene 05/10, 06/10 og 07/10.
Kommunalsjef Dag Flacke møte i sak 07/10.

Frå kommunerevisjonen møte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen, revisjonsrådgjevar Jens Sæther og
revisjonsrådgjevar Kurt Løvoil.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 05/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 8. FEBRUAR 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 8. februar 2010 blir godkjent.

SAK 06/10

**FORVALTNINGSREVISJON – HAGARDEN BUSTADFELT OG ULLAVIK
BARNEHAGE**

Saksdokument datert 09.03.2010 frå kontrollutvalset sekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling :

1. Kommunestyret stiller seg kritisk til at mangelfull budsjettforståing og økonomisk styring og kontroll ved gjennomføring av byggeprosjekt har ført til at Ullavik barnehage og Hagarden byggefelt har blitt sett i verk utan budsjettmessig heimel/tilstrekkeleg heimel. Vidare at feilaktig praktisering av sentrale budsjettforskrifter og lokalt økonomireglement med tilhøyrande saksbehandling og rapportering har medført regelbrot og feilinformasjon til dei folkevalde.
2. Kommunestyret sluttar seg elles til rapporten sine vurderingar og tilrådingar og ber rådmannen iverksette desse.

SAK 07/10

ORIENTERING OM RENTE-SWAP

Saksdokument datert 04.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.
Orientering gitt av kommunalsjef Flacke.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 08/10

ÅRSMELDING 2009 SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Saksutgreiing datert 04.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2009 for Sykkylven kontrollutval.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseth
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 19.04.2010

**SAK 10/10
RAPPORTEN FRÅ AGENDA**

Som vedlegg følger:

- Rapport av 31. mars 2010 frå Agenda – ”Sykkylven kommune Evaluering av organisasjonen”

I saksframlegget blir det ikkje lagt opp til realitetsbehandling av rapporten. I tråd med vanlig saksgang der ikkje anna er bestemt i lov eller forskrift, er det føremålstenleg at kontrollutvalet i saker der prosessar er i gang, er siste instans. Synspunkt vil derfor berre bli gitt i den grad utvalet si rolle er drøfta i rapporten.

I rapporten side 16 går følgjande fram:

Intervjuene i Sykkylven kommune har ikkje gitt noe klart inntrykk av aktiviteten i kontrollutvalg og revisjon.

Kontrollutvalet har hatt eit stort og viktig engasjement når det gjeld økonomi og organisering av Sykkylven kommune. Dette skulle gå tydeleg fram av kontrollutvalet sin rapport om underskuddet i 2008 med påfølgjande behandling i kontrollutvalet og seinare behandling i kommunestyret der ein organisasjonsgjennomgang var ein del av kommunestyret sitt vedtak i sak 29/09. Oppfølging av dette kommunestyrevedtaket vart fleire gongar etterlyst frå kontrollutvalet i form av særutskrifter til kommunestyret. Kontrollutvalet har også behandla ein revisjonsrapport om organisering og økonomistyring vedkomande byggeprosjekt og investeringsbudsjettet. (Hagarden bustadfelt og Ullavik barnehage)

Organisering/økonomistyring/økonomirapportering har frå kontrollutvalet si side blitt sett på som beslekta forhold. Kontrollutvalet har i fleire år behandla økonomirapportane og etterfølgjande særutskrifter har blitt sendt kommunestyret.

Når ei formulering i rapporten skaper uklarheit om kontrollutvalet si rolle og aktivitet og det ikkje er forklart kva som ligg i formuleringa, blir dette sett på som underleg.

På bakgrunn av ovenstående blir saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Saka blir oversendt kommunestyret til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 19.04.2010

**SAK 11/10
OM TILLEGSREKNINGAR PÅ AVLØPSGEBYR**

Det har kome inn klage på avløpsgebyr som omhandlar forhold som omhandlar eldre forhold. Tilleggsrekningane er relativt store. Kontrollutvalet kan vurdere om det skal gjerast ein kontroll av desse rekningane.

Det blir ikkje lagt fram tilråding til vedtak, men det blir gitt ei orientering i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar